Vestland vassregion

Vatn frå fjell til fjord

Handlingsprogram for

Regional plan for vassforvaltning for Vestland vassregion 2028-2033

Høyringsutgåve



Vannportalen.no

Vestland fylkeskommune

Handlingsprogram for Vestland vassregion 2028-2033
Høyringsutgåve

Følgjande dokument er på høyring i 1.novemberl til 30. april 2027:

- Regional plan for vassforvaltning for Vestland Vassregion 2028–2033 (vassforvaltningsplanen)
- Tiltaksprogram for Vestland vassregion 2028–2033
- Handlingsprogram for Vestland vassregion 2028–2033

Vestland vassregionutval slutta seg til plandokumenta 11.09.26.

Send høyringsinnspel innan 30. april 2027 til:

E-post til postmottak; post@vlfk.no

Nettside:
www.vlfk.no
www.vannportalen.no/vannregioner/vestland

Eventuelle spørsmål om dokumenta kan rettast til:
Merete Farstad, e-post: merete.farstad@vlfk.no

Innhald

1. Om handlingsprogrammet 4
1.1 Prioriteringar og innsatsområde i planane 5
1.2 Finansiering 5
1.3 Leserettleiing 5
2. Aktivitetar i innsatsområda 6
2. 1 Samfunnsberedskap og drikkevatn 6
2.2 Restaurering, klimatilpassing og sårbare arter 8
2.3 Arealforvaltning 10
2.4. Akvakultur – lakselus 11
2.5 Redusert ureining 12
2.5.1 Eutrofi og næringsbelastning 12
2.5.2 Miljøgifter og andre framandstoff 17
2.5.3 Plastforureining 18
2.6 Samarbeid, samhandling, medverknad og formidling 19

Foto framside: Sveinung Klyve, Odda

1. Om handlingsprogrammet

Regional plan for vassforvaltning fastset miljømål og viser korleis vi ynskjer å forvalte vassmiljøet og vassressursane i eit langsiktig perspektiv. Det generelle miljømålet er minimum god miljøtilstand for vassførekomstane innan 2033. Planen fastset ein konkrete miljømål for kvar vassførekomst i grunnvatn, bekkar, elvar, innsjøar og kystvatn. Miljømålet for den enkelte vassførekomst ligg i databasen Vann-nett. Planen inneheld prioriteringar og innsatsområde for å nå måla. Det tilhøyrande tiltaksprogrammet summerer opp tiltak som er føreslegne for å lukke gapet mellom dagens tilstand og miljømåla og er ei oppsummering av tiltak som ligg i Vann-nett for den einskilde vassførekomst. Tiltak i tiltaksprogrammet er som hovudregel direkte knytte til dei enkelte sektorane sine ansvarsområde.

Plan- og bygningslova § 8-1 krev at det vert utarbeid handlingsprogram til regionale planar. Føremålet med handlingsprogrammet er å gi ei oversikt over konkrete handlingar som bør gjennomførast etter planvedtaket, for å nå mål og prioriteringar i vassforvaltningsplanen. Dette handlingsprogrammet viser aktivitetar som bidrar til å følge opp vassforvaltningsplanen, og kjem som eit tillegg til tiltaka som er summert opp i tiltaksprogrammet.

Fylkeskommunen har ansvar for å koordinere og oppdatere handlingsprogrammet. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Det skal årleg vurderast om det er behov for rullering av handlingsprogrammet. Oppdatering av handlingsprogrammet vil skje i dialog med Vestland vassregionutval. I samarbeid med utvalet må det òg utviklast ein tenleg måte å følgje opp aktivitetane på, slik at rullering og justering av handlingsprogrammet blir gjort ut frå ei felles forståing av aktørane sine økonomiske rammevilkår og prioriteringar.

Plan- og bygningslova krev at det blir utarbeidd handlingsprogram til regionale planar. Handlingsprogrammet skal bidra til å gjennomføre planen.

Fylkeskommunen har som regional planstyresmakt ansvar for å koordinere og oppdatere handlingsprogrammet. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen.

1.1 Prioriteringar og innsatsområde i planane

Aktivitetane i handlingsprogrammet er knytte til prioriteringar og innsatsområde i kapittel 4 i vassforvaltningsplanane, Prioriteringar i vassregionen 2028–2033.

Med bakgrunn i dette er aktivitetane i handlingsprogrammet fordelte på følgjande tema og innsatsområde:

- Samfunnsberedskap og drikkevatn
- Restaurering og klimatilpassing
- Sårbare artar og vassdrag med høge naturverdiar
- Arealforvaltning
- Akvakultur – Lakselus
- Redusere ureining
    - Eutrofi og næringsbelastning
    - Miljøgifter og kjemisk tilstand
    - Plastforureining og forsøpling
- Samarbeid, samhandling og medverknad

1.2 Finansiering

Aktivitetane som er foreslått i handlingsprogrammet, blir i hovudsak finansierte av dei ansvarlege aktørane innanfor eigne budsjettrammer og gjeldande tilskot og tilskotsordningar. Særleg viktig er det at dei statlege tilskota til vassforvaltningsarbeidet (planprosess og samordning, samt spleiselag i vassområda) blir vidareførte. Fleire av aktivitetane knytte til restaurering kan vere avhengige av ekstra finansiering gjennom tilskotsordningar.

1.3 Leserettleiing

For kvar aktivitet er følgjande beskrive:

- **Aktivitet:** Namn/kort omtale av aktiviteten eller tiltaket
- **Skildring:** Nærare skildring av aktiviteten eller tiltaket
- **Kven:** Namn på aktørar som er venta å bidra eller delta. Hovudansvarlege er markerte med **feit skrift**.
- **Tidsperiode:** Kort omtale av når i planperioden aktiviteten er venta gjennomført.
- **Ressursbehov**

Følgjande forkortingar er brukte i tabellane:

- **VRM:** Vassregionstyresmakta
- **VRU:** Vassregionutvalet
- **VO**: Vassområde
- **VOK**: Vassområdekoordinator
- **VLFK:** Vestland fylkeskommune
- **Kom:** - kommunane
- **SF**: Statsforvaltaren
- **NVE**: Noregs vassdrags- og energidirektorat

2. Aktivitetar i innsatsområda

2. 1 Samfunnsberedskap og drikkevatn

Følger opp pkt. 4.1 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Rettleie kommunar om omsynssoner for drikkevatn i kommuneplanarbeid for å beskytte drikkevatnet	Regionalt planforum nyttast aktivt for å fremje tidleg avklaring.	Mattilsynet	Kom	2028–2033	Innanfor ordinær drift
2	Registrere drikkevasskjelder i Vann-nett for å få oversikt over beskytta område.	Kommunane sikrar at alle drikkevasskjelder (alle overflate- og grunnvassførekomstar) er registrerte i innmeldingsløysinga til Vann-nett. VOK rapporterer status til VRU.	Kom VOK	SF, VOK, Mattilsynet	2028	Innanfor ordinær drift
3	Sikre råvatnet til drikkevasskjeldene ved å sanere direkteutslepp av ureinsa avløpsvatn til drikkevasskjelder	Kommunane kartlegg og gir pålegg om sanering av direkte utslepp av ureinsa sanitært avløpsvatn til drikkevasskjelder; VOK rapporterer status til VRU	Kom VOK	SF, Mattilsynet	2028–2033	Kommunale midlar
4	Sikre og oppdatere omsynssoner for drikkevasskjelder og vasstilsigsområde i kommunale arealplanar.	Ved behov oppdaterer kommunane omsynssoner og planføresegner knytt til drikkevasskjelder og tilhøyrande vasstilsigsområde. Mattilsynet rettleier kommunane om vern av private og kommunale drikkevasskjelder. Dette omfattar både hovudkjelder og reservekjelder, og gjeld både overflatevasskjelder og grunnvasskjelder.	Kom Mattilsynet	VLFK, SF, VOK	Løpande	Innanfor ordinær drift
5	Kommunal samfunnsplanlegging skal sikre trygt drikkevatn gjennom oppdaterte beredskapsplanar, reservevasskjelder og	Kommunane vurderer reservekapasitet og interkommunalt samarbeid om forsyningstryggleik; nye utbyggingsprosjekt må ikkje svekke eksisterande kapasitet. VOK rapporterer status til VRU	Kom VOK	Mattilsynet, VLFK, SF	2028–2033	Kommunale investeringar

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
	naudforsyningskapasitet i alle kommunar.					
6	Registrere badeplassar i vann-nett og følgje opp badevasskvalitet.	Kommunane registrerer alle badeplassar i Vann-nett og overvaker badevasskvalitet; Vasskvalitetsnormer for friluftsbad vert nytta. VOK rapporterer status til VRU	Kom VOK	Mattilsynet, SF	Løpande	Innanfor ordinær drift
7	Utarbeide/oppdatere kommuneplanar for overvatn for å redusere risiko for skadeflaum og overvatn.	Kommunane stiller krav i arealplanane sine for å hindre ureining av overvatn og utslepp til følsame resipientar. Kommunar utan kommunedelplan for overvatn bør vurdere å utarbeide ein slik plan, med tretrinnsstrategien og naturbaserte løysingar som styrande prinsipp. VOK rapporterer status til VRU.	Kom VOK	VLFK, NVE, SF	2028–2031	Kommunale midlar
8	Bidra til at kommunane integrerer overvasshandtering og klimatilpassing i arealplanar og VA-planar	Regionalt planforum nyttast aktivt for å fremje tidleg avklaring.	VLFK, SF, NVE	Kom, VO	2028–2033	Innanfor ordinær drift
9	Fornye leidningsnett i tilstrekkeleg tempo for å unngå brot og lekkasjar	Lage oversikt over behov for fornying av leidningsnettet og ein plan for fornying av nettet om dette er mangelfullt.	Kom		2028-2030	Kommunale midlar

2.2 Restaurering, klimatilpassing og sårbare arter

Følger opp pkt. 4.2 og 4.3 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Redusere sårbarheit for skadeflaum ved å integrere naturbaserte flaumsikringstiltak i kommunale planar.	Kommunane integrerer restaurering og naturbaserte tiltak i arealplanar og kommunedelplanar for overvatn; VLFK og SF rettleier; naturbaserte løysingar er førstevalet	Kom	VLFK, SF, NVE	Løpande	Innanfor kommunale planar
2	Auke kunnskapsgrunnlaget om vandringshindre ved å kartlegge slike hindre for langtvandrande fiskeartar langs kommunale vegar, fylkesvegar, riks- og europavegar.	Kartlegging må inkludere kost-nytte vurdering og ein prioriteringsliste over vassdrag.	Kom fylkeskommunar SVV	VOK organiserer arbeid for kom	2028-	Interne budsjett og spleiselag, sum ikkje vurdert
3	Auke kunnskapsgrunnlaget om eldre vassdragsinngrep og andre fysiske inngrep som påverkar økologiske funksjonsområde og biologisk mangfald, ved å leggje til rette for innhenting og samanstilling av informasjon frå ulike kjelder.	Utvikle/etablere ein app /nettside for registrering. Sørge for opplæring, utarbeide rutinar for utsjekking av inngrepa.	VOK	SF, NVE, referansegrupper	2028	Kr 50 000 ?? i tillegg til budsjett for VOK
4	Vann-nett vert fortløpande oppdatert med nytt kunnskapsgrunnlag om vandringshindre og restaureringtiltak	Alle relevante aktørar registrerer data om vandringshinder og gjennomførte/planlagde restaureringstiltak.	VOK (for kom), Statlege sektor-styresmaktar		2028-2030	Innafor budsjett
5	Vurdere 13 fiskevandringshinder på bruer og kulvertar på fylkesveg.	Utføre habitatkartlegging, detaljprosjektering og tiltaksanalyse på dei aktuelle bruene og kulvertane. Med bakgrunn i dette vil det på nokre av desse verte gjort ei kost-nytte vurdering. Vurderinga vil vere eit grunnlag for å avgjere om vandringshindera skal fjernast på eit	VLFK - INV		2028-2030	Grovt estimert 2,5 mill. for dei 13 tiltaka som er lagt inn i tiltaksprogrammet

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
		seinare tidspunkt. På andre tiltak er dette gjort i førre planperiode og ein planlegg difor å gå videre til tiltaksanalyse og eventuelt detaljprosjektering.				
6	Kartlegge kantvegetasjon ved å kvalitetssjekke digitale data om kantvegetasjon innhenta av Miljødirektoratet.	VOK i samarbeid med kommunane kvalitetssjekkar, korriger og supplerer innhenta data.	VOK og kommunane	SF	2028-2030	Innafor budsjett til VOK og kom
7	Gjennomføre heilskapleg restaurering av prioriterte vassdrag ved å utarbeide kriterium for prioritering av nedbørsfelt i Vestland, sett i samanheng med flaumproblematikk, restaurering av myrer og våtmarker, og nasjonal handlingsplan for restaurering av vassdrag.	VO foreslår 1–3 vassdrag kvar basert på utarbeida kriterium; regional referansegruppe vert involverast. Prioritering gjerast i samarbeid med VRU. Ev. handlingsprogrammet vert oppdatert med vedtekne vassdrag.	VRM VOK	VOU VRU referansegrupper	Planlegging - 2028-2030 Gjennom-føring 2031-3033	Spleiselag organisert av VOK
8	Gjennomføre restaureringstiltak i prioriterte vassdrag for å gjenopprette viktige økologiske funksjonar og prosessar.	Naturbaserte løysingar (opning av bekkar, kantvegetasjon, utlegging av gytegrus, steinplassering m.v.) gjennomførast i prioriterte vassdrag, grunneigarar involverast.	Kom, SF, VOK, (VRM)	NVE, grunneigarar, VO, Miljødirektoratet	2028–2033	Statleg/kommunalt; søknad om eksterne midlar og spleiselag
9	Rettleie kommunane slik at dei i større grad tek i bruk naturbaserte løysingar for flaumsikring og klimatilpassing.	Regionalt planforum nyttast aktivt for å fremje tidleg avklaring.	NVE, VLFK	SF, Kom	2028–2031	Innafor budsjett
10	Oppretthalde elvemuslingpopulasjonar og sikre tilfredsstillande rekruttering ved å kartlegge elvemuslingvassdrag og utarbeide tiltaksplanar.	SF koordinerer kartlegging med miljø-DNA; resultat vert lagt inn i Vann-nett Tiltaksplanar vert utarbeidde for prioriterte bestandar.	SF i samarbeid med kom og VOK	VOK, Kom	2028-2030	Statleg finansiering?

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
11	Auke kunnskapsgrunnlaget om sårbare artar i Vestland.	SF koordinerer kartlegging av artane og legg til rette for at tiltaksplan vert utarbeidd.	SF i samarbeid med kom og VOK	VOK, Kom	2028-2030	Statleg finansiering?

2.3 Arealforvaltning

Følger opp pkt. 4.4 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Betre rutinar for vurdering og registrering etter §12 i vassforskrifta, mellom anna gjennom oppdaterte rutinar og nasjonale kurs.	Alle aktørar gjennomgår eigne rutinar for bruk og registrering av § 12; SF og VLFK koordinerer og gir rettleiing; bruk av § 12 vert lagt inn i Vann-nett.	Miljødirektoratet (nasjonale kurs), Alle sektormyndig-heiter, Kom VLFK		2028	Innanfor ordinær drift
2	Opplæring av kommunale planleggarar for å sikre at dei har god kunnskap om vassmiljøomsyn	Kurs og rettleiing for kommunalt tilsette og planleggarar; særleg fokus på overflatevatn, KU, § 4-7 og 12 i vassforskrifta og arealplanverktøy	VLFK / VOK	SF, Kom, Miljødirektora tet	Løpande	Innanfor VLFK/VO sine budsjett
3	Betre flaumsikringstiltak slik at økologisk tilstand vert god eller så god som mogleg, ved å integrere naturbaserte tiltak i kommunale arealplanar og overvassplanar	Dette skjer ved oppdatering og utarbeiding av nye planar	KOM			Innanfor budsjett til KOM
4	Styrke og formidle rettleiing om konsekvensutgreiing (KU) for vassmiljø, inkludert kystvatn, på kommuneplannivå	Miljødirektoratets rettleiar for vassmiljø i arealplan og kommande rettleiar for kystvatn vert aktivt formidla	VLFK / SF	Miljødirektora tet, Kom, VO	2029	Innanfor VLFK/SF sine budsjett
5	Redusere ny negativ påverknad på vassførekomstane gjennom restriktiv arealforvaltning, ved å	Sektorstyresmaktane skal sikre at fiskefagleg og vassmiljøfagleg kompetanse vert trekt inn tidleg i planprosessar og ved handsaming av søknader	SF, SVV, NVE, VLFK, kommunane	Vassområdeut vala, fagetatar med	2028–2033	Innanfor eksisterande rammer

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
	styrkje bruken av fiskefagleg og vassmiljøfagleg kompetanse i planprosessar og utbyggingssaker.	om inngrep i og langs vassdrag, for å førebyggje nye negative påverknader som i etterkant krev kostbare habitat- eller restaureringstiltak.		fiskefagleg kompetanse		
6	Kommunane i Vestland integrerer miljømål for vassførekomstar i kommunale arealplanar, vatn- og avløpsplanar og planar for overvatn	Miljømåla blir innarbeidde ved rullering av kommunale planar.	Kom		2028-2033	Innafor kommunale budsjett

2.4. Akvakultur – lakselus

Følger opp pkt. 4.5 i forvaltningsplanen

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Mattilsynet overvakar nivået av lakselus kontinuerleg, utviklar betre registreringsmetodar og reagerer ved brot på grenseverdiane.	Utvikle og ta i bruk metode for automatisk lusetelling.	Mattilsynet		Kontinuerleg	Innan mattilsynet sitt budsjett
2	Redusere påverknaden frå lakselus på vill laksefisk slik at miljømåla vert nådd, ved å vurdere og foreslå eigna lokalitetsstruktur for oppdrettsnæringa i Vestland.	Utarbeide eit grunnlag som viser kva for areal som er eigna for å ha opne oppdrettsmerdar og areal som er eigna for lukka anlegg ev. semilukka anlegg utifrå påverknad frå fiskesjukdom (vektlegging av lakselus) og næringsbelastning. Grunnlaget må ta utgangspunkt i eksisterande bandlegging av areal (kystfarleier, verna områda etc.)	Fylkeskommunen i samarbeide med sektorstyresmaktar VKFK leiar prosjektet	Mattilsynet, Statsforvaltaren ev . Miljødirektoratet Fiskeridirektoratet, Kunnskapsmiljø	2028-2030	Statleg/FK
3	Samordna innsats for å nå miljømål for anadrom fisk og kystvatn, ved å koordinere tverrsektoriell innsats, til dømes	VLFK leier koordineringa; aktørar frå offentleg sektor, næringsliv og kunnskapsmiljø samarbeider om kunnskapsbygging og tiltak for å redusere miljøavtrykket frå akvakultur	VLFK	SF, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, HI, næringa	2028–2033	Prosjektmidlar og /eller spleiselag

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
	gjennom prosjektet Styrka marin innsats i Vestland					

2.5 Redusert ureining

Følger opp pkt. 4.6 i forvaltningsplanen.

2.5.1 Eutrofi og næringsbelastning

Følger opp pkt. 4.6.1 i forvaltningsplanen.

2.5.1.1 Kystvatn - eutrofiering

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Hindre utvikling av eutrofiering ved å vurdere tolegrensa for dei mest belasta fjordane	SF gjennomfører resipientstudie for fjordar som nærmar seg grensa for eksisterande aktivitet	SF	Miljødirektoratet	2029–2031	Statlege/ fylkeskommunale
2	Betre tilstanden i kystvatn med negativ utvikling ved å utarbeide heilskaplege tiltaksplanar for dei aktuelle fjordane	Tiltaksplanar som ser akvakultur, avløp og landbruk i samanheng; inkluderer tilhøyrande nedbørsfelt der det er relevant	VLFK / SF	Miljødirektoratet	2030–2033	Statlege/ fylkeskommunale
3	Styrke kunnskapsgrunnlaget for kystvatn ved å prioritere oppdatert overvaking av fjordar med negativ trend	Overvakingsprogram vert oppdatert; Vannmiljø-databasen vert nytta aktivt for å følgje utvikling og grunngi vedtak	SF	Miljødirektoratet	Løpande	Statlege/ fylkeskommunale

2.5.1.2 Akvakultur

Følger opp pkt. 4.6.1.1 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Styrke kunnskapsgrunnlaget om næringsbelastning ved å utarbeide oversikt over areal med for høg næringsbelastning frå akvakulturanlegg i Vestland, sett i samanheng med kap. 2.4, aktivitet nr. 2.		Fylkeskommunen i samarbeide med sektorstyresmaktar. VKFK leiar prosjektet	SF, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Miljødirektoratet. Kunnskapsmiljø/forskingsinstitusjonar	2028-2030	Statlege/ fylkeskommunale
2	Redusere forureining frå akvakulturanlegg for å unngå eutrofiering	Auke kunnskapsgrunnlaget	SF	Miljødirektoratet,	2028–2033	Prosjektmidlar og /eller spleiselag
3	Auke sirkularitet i knytt til akvakulturnæringa	Stimulere til mottaksapparat og bruk av slam, intensiver for å samle opp slam, utforske lågtrofisk akvakultur	VLFK	SF		

2.5.1.3 Avløp

Følger opp pkt. 4.6.1.2 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Sikre at alle avløpsanlegg er i tråd med reinsekrav innan 2033, ved å kartlegge, føre tilsyn og gi pålegg for kap. 12- og 13-anlegg	Kommunane kartlegg systematisk, gjennomfører tilsyn og gir pålegg; innsatsen prioriterast mot vassførekomstar som ikkje når miljømåla	Kom	SF, VO	2028–2030	Kommunale midlar
2	Sikre at alle avløpsanlegg er i tråd med reinsekrav innan 2033, ved	SF prioriterer tilsyn og gir pålegg om utbetring der anlegg er i brot med krav	SF	Miljødirektoratet	Løpande	Statleg finansiering

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
	at SF gjennomfører tilsyn med kap. 14-anlegg.					
3	Sikre at alle avløpsanlegg er i tråd med reinsekrav innan 2033, ved at kommunen byggjer nye eller oppgraderer eksisterande anlegg (kap. 13 og 14) slik at reinsekrava vert nådd.		Kommune		Løpande	Sjølvkost
4	Rettleiing /kurs om kommunen som forureiningsstyresmakt på kap. 12, 13, 15 og 15A. Dette med mål om at kommunane skal klare å få alle avløpsanlegg i Vestland i tråd med reinsekrava innan 2033.	Det er behov for meir kompetanse hos kommunane for å betre følgje opp etablering og tilsyn med oljeutskiljarar, feittutskiljarar og avløpsanlegg	Statsforvaltaren Kommune Vassområdekoordinator	Norsk Vann Driftassistanse Miljødirektoratet	Løpande	
5	Sanere utslepp av ureinsa avløpsvatn til drikkevasskjelder	Kommunane kartlegg og gir pålegg	Kom	SF, Mattilsynet	2028–2033	Kommunale midlar
6	Auke separering av overvatn og avløp	Tidleg separering prioriterast ved rehabilitering og ny utbygging; er kostnadseffektivt og ruster kommunane for framtidige krav	Kom	SF, VO	2028–2033	Kommunale investeringar
7	Sikre beredskap og planleggingskapasitet for framtidige reinsekrav ved å planlegge for det nye EU-avløpsdirektivet.	Kommunane og SF følgjer implementeringa av nytt EU-avløpsdirektiv (2024) og planlegg for eventuelle nye reinsekrav i planperioden	SF, Kom	Miljødirektoratet	2028–2033	Innanfor ordinær drift

2.5.1.4 Jordbruk

Følger opp pkt. 4.6.1.3 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Prosjektet "Bonden og elva" har ein prosjektleiar som er bindeledd mellom forvaltninga og bonden, og som rettleier og rådgjev bonden	Prosjektleiar jobbar tett saman med kommunane, VOK og bonden for å betre vassførekomstar med dårleg økologisk tilstand	VLFK	Statsforvaltaren, kommunar, VOK, VOU, VRU	2028	Prosjektmidlar
2	Alle kommunar kartlegge og følgje opp landbruksverksemder med negativ påverknad på vassmiljøet	Innsatsen prioriterast mot vassførekomstar med sårbare artar og drikkevasskjelder; frivillige og forpliktande verkemiddel kombinerast; SF nyttar heimelen i gjødselbruksforskrift § 31 og jordlova	Kom, SF	VO	2028–2030	Statleg/kommunalt
3	Implementere og følgje opp ny gjødselbruksforskrift	SF og kommunane rettleier og fører tilsyn med etterleving av ny gjødselbruksforskrift; fokus på kommunar med vesentleg husdyrproduksjon	Kom, SF		2028–2033	Innanfor ordinær drift
4	Etablere og restaurere kantvegetasjon langs prioriterte vassdrag	Kombinere tilskotsordningar (RMP), rettleiing og kontroll; naturbaserte løysingar sjåast i samanheng med innsatsområde 4.2	Kom, SF	grunneigarar, VO	2028–2033	RMP-midlar, statleg støtte
5	Betre returordningar og informasjon om landbruksplast slik at plastforureininga frå landbruket vert redusert	Retta mot rundballar og fôrlagring som dei viktigaste kjeldene; informasjonskampanjar og kontroll	Kom, SF	næringa	2028–2033	Innanfor ordinær drift

2.5.1.5 Skogbruk

Følger opp pkt. 4.6.1.4 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Rettleiing og kontroll med etterleving av forskrift om berekraftig skogbruk for å redusere erosjon og sedimenttransport frå skogsdrift	VOK og SF samarbeider med kommunar og skognæringa om rettleiing og kontroll; etterleving av eksisterande regelverk er primærstrategien	SF, VOK	Kom, skognæringa	Løpande	Innanfor ordinær drift
2	Prioritere kantsoner (bevare og reetablere) i skogbruksaktive område nær sårbare vassdrag	Strengare krav i vassdrag med sårbare artar; rettleiing om kantsoner og open vassveg som prioritert tiltak	SF, VLFK, VOK	Kom, skognæringa, NVE	Løpande	Innanfor ordinær drift
3	Auke kompetansen om vassmiljøomsyn i skognæringa gjennom styrkt kunnskapsgrunnlag om skogbruket sin påverknad på vassmiljøet, og gjennom auka bruk av kommunale planverktøy ved godkjenning av hogst i sårbare område.	Samarbeide med NIBIO og NVE om metodikkutvikling; klimarobuste hogstmetodar vert prioriterte; kunnskap spreiast til næringa og kommunane	SF, VLFK, VOK	NIBIO, NVE, Kom, skognæringa	2028–2033	Statleg finansiering

2.5.2 Miljøgifter og andre framandstoff

Følger opp pkt. 4.7.1 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Redusere utslepp og avrenning av miljøgifter til vatn ved å kartleggje og sanere forureiningskjelder der dette er mogleg. Samstundes må sektorstyresmaktar få betre oversikt over kjelder til miljøgifter som kan lekke til vassmiljøet, mellom anna saltpåverknad og andre kjemiske stoff frå vegar, deponi og liknande kjelder.	Resultat vert lagt inn i Vann-nett og ev. grunnforureiningsbasen, skal ligge til grunn for tiltaksprioritering	SF, KOM	Miljødirektoratet, NVE, Statens vegvesen, fylkeskommunen, Kom	2028–2031	Statleg finansiering
2	Kartleggje og overvake plantevernmiddel og legemiddelrestar i vassøkosystema for å få betre oversikt over påverknad og risiko for vassmiljøet.	Overvakingsprogram; data vert registrerte i Vannmiljø-databasen	SF	Miljødirektoratet,	Løpande	Statleg finansiering
3	Redusere utslepp av prioriterte miljøgifter ved målretta tiltak mot stoff som utmerkar seg i overvakinga	SF og Miljødirektoratet rettleiar og gir pålegg; utslepp vert registrerte i Vann-nett	SF, Miljødirektoratet		Løpande	Statleg finansiering
4	Hindre nye tilførslar av miljøgifter ved å setje vilkår i reguleringsplanar mot nye tilførslar	Kommunane integrerer vilkår i reguleringsplanar; VLFK og SF rettleier; vilkår utarbeidde etter kunnskap om resipientkapasitet	Kom	VLFK, SF, Miljødirektoratet	Løpande	Innanfor ordinær drift

2.5.3 Plastforureining

Følger opp pkt. 4.7.2 i forvaltningsplanen.

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Kjelderetta tiltak mot dei viktigaste plastkjeldene for å redusere bruken og tilførselen av plast til vassdrag og kystvatn	Tiltak retta mot landbruksplast, akvakulturutstyr, samferdsel, overvatn og hushald; returordningar, krav i løyver og tiltak innan overvatn	SF, Kom	Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, næringa	2028–2033	Innanfor sektoretatane
2	Koordinere og støtte frivillige ryddeaksjonar for å redusere plastforureining i vassdrag og kystvatn	Samarbeid med Plastposefondet og friluftsorganisasjonar; «Rent hav»-verktøyet nyttast aktivt for koordinering og datainnhenting	SF, VOK, VLFK	Kom, friluftsorganisasjonar, næringa	Løpande	Prosjektmidlar
3	Registrere plastdata i Vann-nett og følgje metodikkutvikling for å få eit betre kunnskapsgrunnlag om plastforureining i vassførekomstane	SF koordinerer registrering av plast i vassførekomstar og planlagde tiltak. Planen vert oppdatert dersom nasjonal metodikk for mikroplast vert fastsett i planperioden	SF, VOK	Miljødirektoratet	Løpande	Innanfor ordinær drift

2.6 Samarbeid, samhandling, medverknad og formidling

Følger opp pkt. 4.7 i forvaltningsplanen

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
1	Sikre at alle vassområde har tilstrekkeleg høg stillingsprosent for VOK	Sikre midlar til minimum 50 % stilling for kvart vassområde, 100 % stilling for vassområde som vert samanslegne frå hausten 2027. VLFK og kommunane avklarar finansiering og ansvar for VOK i nye, større vassområde etter samanslåing frå hausten 2027	VLFK	Kom, SF	2028-2033	Kommunale/regionale midlar
2	Sikre godt samarbeid og koordinering i vassområda, mellom anna ved å gjennomføre årlege samhandlingsmøte i kvart VO	VOK koordinerer møta; kommunar, SF og sektormyndigheiter deltek; faggrupper for prioriterte tema vert etablert etter behov	VOK	Kom, SF, sektormyndigheiter	Årleg	Innanfor VO sitt budsjett
3	Utvikle rettleiingsmateriell om vassmiljø i kommunale planar for å sikre at kvar kommune får integrert vassmiljø i eigne planar og vedtak	Miljødirektoratet har ansvar for utarbeiding av nasjonale rettleiingar m.a. vassmiljø i arealplanar for kystvatn. VLFK og SF utarbeider og formidlar rettleiing; særleg fokus på arealplan, overvatn og bruk av § 12.	Miljødirektoratet, VLFK, SF	Kom	2029	Innanfor VLFK/SF
4	Auka kompetanse om vassforvaltning ved å gjennomføre årlege kurs og kompetansehevingstiltak	Kurs for kommunalt tilsette og politikarar om vassforvaltning, arealplan og vassmiljøomsyn; VLFK og VO koordinerer	VLFK, VO	SF, Kom	Løpande	Innanfor VLFK/VO
5	Involvere regional og lokale referansegrupper i arbeidet med vassforvaltning	Regional referansegruppe involverast ved alle prioriteringar i VRU; lokale referansegrupper etablerast i VO der dette ikkje er gjort; lag og organisasjonar får reelle høve til å bidra	VLFK, VOK	VO, referansegrupper	Løpande	Innanfor ordinær drift
6	Gjennomføre formidlings- og kommunikasjonstiltak slik at politikarar og allmenta er	VLFK og VO formidlar resultat og nytten av vassforvaltningsarbeidet; kommunestyre og fylkesting orienterast etter vedtak og godkjenning av oppdatert plan	VLFK, VOK	Kom, SF	2028 og løpande	Innanfor VLFK/VO

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
	informerte om vassforvaltningsarbeidet					
7	Digitale kurs om vassforskrifta med mål om betre oppfølging av §12.	§ 12 i vassforskrifta blir for dårleg fylgt opp av kommunane på grunn av mangelfull opplæring i praktiske eksempel.	Miljødirektoratet	Kommunane	Frå 2028	Innanfor ordinær drift
8	Informere, vere i dialog med grunneigarar, lag og organisasjonar, kommunar om nytten av kantvegetasjon. Mål om å få økt forståing for å etablere kantvegetasjon langs elver og bekker som manglar dette		VLFK, VOK	Statsforvaltaren	2028-2033	Innanfor ordinær drift
9	Auke kompetansen i kommunane om vassforskrifta og vassmiljø i planlegging og sakshandsaming ved å halde kurs og rettleiing om vassforskrifta, Vann-Nett og relevante planprosessar	Arrangere kurs/webinar retta mot kommunane for å rettleie om vassforskrifta, Vann-nett, og generelt vassmiljø i plan med fokus på konsekvensutgreiing	VLFK, VOK	Statsforvaltaren	2028-2033	Innanfor ordinær drift
10	Fysiske møteplassar i kommunane for å auke kunnskap om og vise biologien i vatn	Kunnskapen om vatnet vårt er for dårleg blant folk flest. Samarbeid om aktivitetar for barnhagar, skular, politikarar, lag for å betre kunnskapen	VOK, Kom	Kommunane, media	Frå 2028	
11	Promotere vassforskriftsarbeidet i media	Fleire medieinnslag kan styrkje forståinga for vassmiljø og vassforvaltningsarbeid	VOK, Kom	Lokal og regionale aviser, sosiale media	Frå 2028	Innanfor ordinær drift
12	Oppdatere prosjektplanen for samhandling i vassområda, sikre spleiselagmodellen for drift av vassområda	Prosjektplanen gjeld ut 2027 og treng oppdatering. I prosjektplanen inngår finansiering av drift av vassområda inkludert VOK stilling	VOK	Kommunane, VLFK	2028	Innanfor ordinær drift

Nr	Aktivitet	Skildring	Ansvar	Samarbeids-partnarar	Tidsperiode	Ressurs-behov
13	Slå saman vassområde Sunnhordland og Hardanger vassområde til Hardangerfjordvassområde, Nordhordland og Voss - Osterfjorden vassområde til Voss- og Nordhordland vassområde, Ytre Sogn og Indre Sogn til Sognefjorden vassområde	Oppdatere ulike dokument, utarbeide rutinar for samhandling for nye vassområda, avklare stillingsresurs for VOK	VOK VLFK	kommunane	2028	Innanfor ordinær drift